

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: **Møre og Romsdal**
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: **Stordal.**
 Emne: **Transport av høy** Bygdelag:
 Oppskr. av: **Peter O Stavdal** Gard: **Stavdal.**
 (adresse): **Stordal. Sunnmør.** G.nr. **88** Br.nr. **1**

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter iega Røynsle**
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Husmannsplassar er her ikkje i bygda no, men her er mange små bruk. Brukarane er som regel hantverkara (smear snikkra skreddara) eller vegarbeiarar, og dei hev so lenge eg veit havt makelegare for å livberga enn på større gardar utan bi-inntekt. Husmannskjerringane hadde og hev det/sørs makeleg i forhold til gard-kjerringane. Nøken forskjjel på drvtsmåter det ikkje. Slått i utmark er det slått med no. Her på Stavdal var det slutt ca, 1900. Høy som vert avla på dyrkamark kallast her **Tø-høy**. Høy som er hausta på udyrka mark kallast **Små-høy**. Dei fleste gardar i bygda, og kasje serleg då til dals, hev meir inngjert bø enn som opdyrka. Denne småhøyslåtten på innmark hev vore driven til i dag, men vert no sikkert avlagt.. Før var det slik at ein mann som ikkje hadde hest, leigde seg ein. No bruker dei bil eller Trakter, Tildels egso slike som forar hest.

2 Høystakk hev vore brukt for ca, 100 år sidan Kåmbe-myrene, Kåkhaug, Sterlia og i Uriskarbakkå. Til å få høyet at utløa på, var brukt Sloje (ein) Kanskje **nekre byra ner att med løa**. Slikt arbeid kallast "Å sloje høy". (Køyre eller drage sloje). Til Høsa brukast hest og vogn, sleperive eller ein ber det på høygaffel. Det vert ikkje hesja anna enn **Tø-høy** her i bygda. Kor mykje ein kann draga på ein Sloje. Ved eit hall på l til 1-4 kann vel dragast 150 kg, Ved eit hall på 1-5 e

eller 6 kann vel køyrast 300 kg, og meir. Til å bera turt høy med brukast Byraband (tøgaband) og Reip. Til rått høy egso "Wiaband". So må det helst vera ein som hjelper til og veltar byra på ryggen. For det er godt få so høgt opp som mogelegt. Bandenden tek ein gjerne å ver hovudet til å begynna med, men når ein har gått eit stykke sig byra ned og ein må flutte ned på aksla. Den som hjelper til å velta på stend attanfør. Var slåtten nøke langt op i bratt bersida. Eller høy skal firast på løypestreng, trakkar ein hest i ei "meis". So seint som ca, 1880 bruka Stavå-Pe meisa av vidjå. Dei som er i bruk no, er av ca, 6 cm, tog. 10 til 12 cm, store mauskar, og meisa 1 til 1 1/2 m, i tvermål. Skulde meisa rulle godtlaut ho hardt trakkast. Slikt arbeid kallast "Å meise høy".

2 På garden Jøsveld hev brukt løypestreng åver Størelva sia

1890. Kiper eller trillebære er ikkje brukt å høy.

Dragartång/var brukt på Stavdal før 1900 til transport av både høy og ved i frå Slåtta. Peder Talberg drog seter-høyet på tång se seint sm år 1908. Tång var brukt på vinterføre, og det kom sjøvsagt an på kor god føra var og hallet av vegen. Tenkjer i en kann draga ca 200 kg, i lagelegt lende På flatvøre lende var ski-kjelke meir brukt på tång,

3 Høy frå utslåtter og seter-gjere vart køyrt eller drege heim på vinterføre.

4 Den mest brukte køyredøning i slåttonna er Langvogn og Firjulavogn. På Jøsveldsater brukar berre slede. Darrisvogn er ikkje kjendt her. Hjulsledekallar me ei tvøjula vogn som vert brukt til mykrakøyring. Kista ligg i balanse og kann tippasr opp, og lasset reiser av når ein kører fram Skodde sledar brukast berre på vinterføre.

Det brukast same både til høy og kern, med den forskjel at til kern vart "jyra" berre med Tång og Tångsim. No nyttast ofte karm til begge deler. - Skrindar Skokler er ikkje kjent her. Eit høylas utan karm vert laga på den måten at er oppå lasset og trakkar og jamnar, og ein eller fleire lagar kjemmer og legg oppå. Når lasser er støt nok skal "jyrast" Fyrst med tång og tångsim og se med meiringane ~~av x hænd x vers x i x for x fram x og x sette~~ Tångsim, og se med "Me-jyringar". I eit høylas kann det vera 200 til 400 kg. Biste lasset var som regel minst, og det vart gjort vel reint Pestemora på garden, hadde som regel fast arbeid "å ta oppatti". Noko bestemt forhold mellom Høystakk og lassetal kjenner eg ikkje til, heller ikkje mellom sommarlass og vinterlass. Her vert brukt berre ein hest før lasset.

5 Fælles-slått er det i Fønja på Jøsveld, og på Støroyra På Høve. Delinga gjeng fyre seg på den måten, at det vert slege og ihopraka i fælles-skap. Se tek ein mann og "Fång-ganda" det sundt i partar og om dei er det loddtrekkji loddtrekkjing. Kvar kann se gjera med sitt som han vil.

På Høve slo dei i Høvs-stranda til ca, 1914, Dei måtte då i båt med høyet. Slike lastar kallast "ein høyfarm (lauvfarm)". Det varb ein djupål i Litle-elva som dei heldt opp i, og med fle sjø kom dei se langt opp at dei fekk kasta høyet på land. og køyrendet på turkarplass. Transport av høy med båt må dei gjra den dag i dag på Helmen og på Vidhammar. Før og se på neste Dyrkorn

6 Heimhaving av høyet frå utmarka gjekk før seg på vinterføre. Og av det som er skrive før var det fleire slags redskap som vart brukt, se som skikjelke, tång, meis eller hest og slede. Det berødde mest på korleis, det natur lege lende var skapt og desutan føreferhelda, kva slags døning ein helst måtte bruka. Og se var verdt ein viktig faktor. Ikkje måtte det snøa eller regna, og slett ikkje blåse. Best var det å få tømme ei utløa når ein hadde begynt på den, og då måtte det tryggver til, ellers måtte ein kanskje laga ny veg att og det var berre arbeidsauken det. Men det kunne nok forekoma det likevel.

Redskap til høytransport,

- Låggvegn (ei) Dette er den mest allmindelege vogn til høykjøyring Den hev eitt par jul, med julhus. Utanfjører. Er omtrent 4 meter lang med skjekerne, og 1,15 m, breid.
- Firjulavogn (ei) Det er i dei siste 30 år at denne ei kome i bruk. Den hev 2 par jul. det frimste paret er fast med skjekerne og er svingbart Lastepaneren varierer frå 2 til 3 m. lang og 1,15 m, breid. Den er tyngre enn langvegna, og eignar seg ikkje so godt i bratta.
- Høykarm (ein) 4 grindar (med streng i) rundt vegna 9 til 12 dm. høg.
- Høytång (ei) 4 spiler ca. 2m. lang 6 cm. breid 1,5 cm. tjukk. Fest i kvar ende med eit tvertre ca. 90 cm. langt og 5 cm. på kvar kant t tjukt. Spilerne er helst kløyd av ung bein bjørk av høveleg grovleik.
- Tångsim (ein) Bandet som gjeng frå og til "tånja" (tånga) rundt lasset laggsetter.
- Mejyring (ei) Mejyringane var tve ei frame og ei atbe. Som Oftast hampetog, med høgdi enden. t
- Røip (eit) Brukt til mejyring. Av barka hud oppskore i ca. ca. 3cm. breie rimser. Fleire slike rimser hepssett med busteleiv (tvibysting) 3 til 4 cm. emsket. til det var langt nok. Eine enden fest til "Høg" med "høgaknute"
- Sibuske (ei) Til småhøy brukte dei ei loda buske på kvar sida, under mejyringane.
- Småbuske (ei) 2 små kvister i kvar ende, under Tånge Simen.
- Høymeis (ei) Posenet til å trakka høy inni. 1 m. 1,5 i tvermål. Mauskanane ca. 12 cm. Bunde av altslags tog ca. 6mm. i tvermål.
- Viameis (Ei) Same slag, men laga av via. Brukt av Stavå - Pe (1880)
- Sleje (ein) Tve lodne skat langsetter, og 3 til 4 små kvister tversåver. Brukt både til rått og turt høyder det er bratt og ulendt. Hallet bør vera ca. 1-5. Ein kann både køyra og draga. Draga kann ein eit par hundrad kg. Køyra kann ein vel ei 3 hundrad og meir.
- Byraband (eit) Eller byratog, Grannvøre tog ca. 12 mm. tvermål/
- Viaband (eit) Av ung renning. Kløyd etter mitte, og ihøpbunden etter grannenden. Eller det kann lagast av tve liut tynnare renningar og ihøpbunden etter grannenden. 2 til 3 m. langt.
- Byraspeis (ei) Ei speis av bjørk rogn eller hegg ca. 3 m lang.
- Dragartång (ei) Litt lenger og Breiare enn høytanga og oppbend frame.
- Skikjelkje (ein) Let liten slede . knapt 2m. lang, og 50 cm. breid.
- Rive (ei)
- Gffel (ein) Dei Mest Brukte reiskap til hantera høyet med.

Eg må beda om ørsaking fyrst det vart lenge fyrst og fekk til nokon om dette emne

4

eg se er ikkje sagt det hev neke vord heller
Slik som eg hev gjort det. Ikkje mindre orsaking
treng eg vel for måten eg hev brukt skrivemaskine
på. Eg er uøvd, og forskjelle andre ting gjorde
at det ser meir enn stukt ut. Før eg ny ark er eg
villig å prøva skriva det betre. Eller det kann vera
nokosom er ufullstendig so skal eg prøva eppatt
og gjera mitt beste.

6-2 1937

Vyrdsamt.

Peter O. Kvaldal

Kvaldal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

162